



Organisasjonsplan

For Todalen Idrettslag – styret sitt forslag til
årsmøtet 7. mars 2024

Innhold

Formål	4
Organisering	5
Hovudstyret	5
Arbeidsutvalet:	5
Trimgruppa:	5
Økonomigruppa:	5
Barne- og ungdomsleiar:	6
Leiar bygg og anlegg:	6
Driftsleiar bygg og anlegg:	6
Kontrollutvalet:	6
Valnemnda:	6
Arbeid- og ansvarsbeskriving	7
Hovudstyret:	7
Arbeidsutvalet:	7
Trimgruppa:	7
Økonomigruppa:	7
Leiar i hovudstyret:	8
Nestleiar i hovudstyret:	8
Kasseraren i hovudstyret:	8
Sekretær i hovudstyret:	8
Barne- og ungdomsleiar:	9
Bygg- og anleggsleiar:	9
Leiar i gruppene:	9
Nestleiar i gruppene:	9
Økonomiansvarleg i gruppene:	9
Sekretær i gruppene:	10
Medlem i gruppene:	10
Driftsleiar bygg- og anlegg:	10
Kontrollutvalet:	10
Valnemnda:	10
Felles retningslinjer	11
Styremøte:	11
Oversikt over bygg og anlegg	12
Styringsdokument	13
Organisasjonskart	14

Formål

- Å organisere Todalen Idrettslag slik at ein nyttar dei menneskelege og økonomiske ressursane best mogleg.
- Å ha klare ansvarsforhold i tillitsmannsapparatet.
- Å betre intern og ekstern informasjon.
- Å ta vare på, og utnytte Todalen Idrettslag sine egedelar, anlegg og utstyr best mogleg.

Organisering

Todalen Idrettslag har i tillegg til hovudstyret og arbeidsutvalet, to grupper med eige styre, barne- og ungdomsleiar og leiar bygg og anlegg med undergrupper for kvart bygg og anlegg, jfr. § 13 i Lov for Todalen Idrettslag og vedlagt organisasjonskart. Det er årsmøtet som vedtek organiseringa av Todalen Idrettslag og veljer tillitspersonar i tråd med dette, jft. § 13 i Lov for Todalen Idrettslag. Leiar i gruppene, saman arbeidsutvalet med barne- og ungdomsleiar og anleggsleiar utgjer hovudstyret i idrettslaget.

Hovudstyret

Arbeidsutvalet, leiar i Trimgruppa, leiar i Økonomigruppa, barn- og ungdomsleiar og leiar bygg og anlegg utgjer hovudstyret i Todalen Idrettslag.

Hovudstyret får da slik samansetning:

- Leiar Todalen Idrettslag, blir valt for 1 år
- Nestleiar Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år
- Sekretær Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år
- Kasserar Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år
- Leiar Trimgruppa Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år
- Leiar Økonomigruppa Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år
- Barn- og ungdomsleiar i Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år.
- Leiar bygg og anlegg i Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år

Arbeidsutvalet:

Arbeidsutvalet får da slik samansetning:

- Leiar Todalen Idrettslag, blir valt for 1 år.
- Nestleiar Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år.
- Kasserar Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år.
- Sekretær Todalen Idrettslag, blir valt for 2 år.

Trimgruppa:

- Leiar, blir valt for 2 år. Leiar har fast plass i hovudstyret.
- Nestleiar, blir valt for 2 år.
- Økonomiansvarleg, blir valt for 2 år.
- Sekretær, blir valt for 2 år.
- Medlem, blir valt for 2 år.

Økonomigruppa:

- Leiar, blir valt for 2 år. Leiar har fast plass i hovudstyret.
- Nestleiar, blir valt for 2 år.
- Sekretær, blir valt for 2 år.

Barne- og ungdomsleiar:

Barne- og ungdomsleiar, blir valt for 2 år. Barne- og ungdomsleiar har fast plass i hovudstyret.

Leiar bygg og anlegg:

Leiar bygg og anlegg, blir valt for 2 år. Leiar bygg og anlegg har fast plass i hovudstyret.

Driftsleiar bygg og anlegg:

Driftsleiar for bygg og anlegg, blir valt for 2 år.

Kontrollutvalet:

Leiar, blir valt for 2 år.

Medlem, blir valt for 2 år.

Vara, blir valt for 2 år.

Valnemnda:

Valnemnda består av tre medlemmer, og valperioden er på tre år. Det skal difor veljast eitt nytt medlem til valnemnda på kvart årsmøte, og den personen som sit sitt tredje år, er leiar av valnemnda.

Arbeid- og ansvarsbeskriving

Todalen Idrettslag si fullmaktsmatrise regulerer kva fullmakter dei enkelte styra, gruppene og leiarane har i idrettslaget.

Hovudstyret:

- Hovudstyret er Todalen Idrettslag sitt øvste organ mellom årsmøta, og har det overordna ansvaret for alle laget sine aktivitetar, oppgåver og økonomiske disposisjonar.
- Hovudstyret skal ivareta idrettslaget sine interesser så vel internt i laget som eksternt.
- Koordinere drifta av laget og sjå til at laget sine grupper blir drivne og utøvd på tilfredsstillande måte.
- Hovudstyret har ansvar for å gripe inn og bidra til løysingar dersom ueinigheit oppstår i gruppene eller mellom gruppene i laget.
- Hovudstyret kan vedta nærare instruksar for sitt eige arbeid og dei enkelte gruppene og komitear sitt arbeid.

Arbeidsutvalet:

- Arbeidsutvalet legg til rette sakene som skal behandlast i hovudstyret, og kjem med innstilling i sakene.
- Mellom hovudstyremøta kan arbeidsutvalet fatte vedtak og avgjere saker som av tidsmessige årsaker ikkje bør vente til neste hovudstyremøte, eller er av ein slik karakter at det ikkje er nødvendig med vedtak i hovudstyret.
- Alle gruppene skal ha kopi av innkallingar til arbeidsutvalet sine møter, og kan kome med innspel.
- Alle vedtak som arbeidsutvalet gjer, skal rapporterast til hovudstyret, seinast på første hovudstyremøte.

Trimgruppa:

- Trimgruppa er ansvarleg for alle trimaktivitetar i regi av Todalen Idrettslag.
- Trimgruppa kan få andre oppgåver av hovudstyret og arbeidsutvalet.

Økonomigruppa:

- Økonomigruppa er ansvarleg for å forhandle fram sponsor- og innkjøpsavtalar på vegne av Todalen Idrettslag, og legge desse fram for hovudstyret for signering.
- Økonomigruppa er ansvarleg for lotteriverksemda i Todalen Idrettslag, og all dialog med Lotteri- og stiftelsestilsynet.
- Økonomigruppa er ansvarleg for å arkivere alle trekningsprotokollar.
- Økonomigruppa kan få andre oppgåver av hovudstyret og arbeidsutvalet.
-

Leiar i hovudstyret:

- Leiaren i hovudstyret er Todalen Idrettslag sin valde leiar med det daglege hovudansvaret.
- Leiaren er leiar av hovudstyret og arbeidsutvalet.
- Leiaren førebur og leiar møta i hovudstyret og arbeidsutvalet.
- Leiaren skal halde seg godt orientert om Todalen Idrettslag si verksemd.
- Leiaren tek avgjerder på vegne av Todalen Idrettslag i saker som av tidsmessige eller praktiske grunner ikkje kan behandlast i hovudstyret eller arbeidsutvalet. Hovudstyret skal i slike høve orienterast så snart som mogleg.
- Leiaren skal representere Todalen Idrettslag eksternt.
- Leiaren koordinerer elles arbeidet i styret og sjekkar at datoar og tidsfristar blir overhalde.
- Leiaren skal fordele oppgåvene i i styret.
- Leiaren skal ha oversikt og griper inn dersom noko stoppar eller ikkje fungerer.
- Leiaren er ansvarleg for at det blir skriven årsmelding for hovudstyret og arbeidsutvalet.
- Leiaren skal signere alle avtalar på vegne av Todalen Idrettslag.

Nestleiar i hovudstyret:

- Nestleiar er leiaren sin avløyser.
- Nestleiar skal samarbeide med leiaren i Todalen Idrettslaglag.
- Nestleiar kan få spesialoppgåver av hovudstyret.
- Nestleiar har ansvaret for Politiattestar.
- Nestleiar har ansvaret for medlemsregisteret i Todalen Idrettslag.
- Nestleiar har eit overordna ansvar for utdanningstilbodet i Todalen Idrettslag, og skal koordinere kurstilboda på tvers av gruppene.

Kasseraren i hovudstyret:

- Kasseraren i hovudstyret har eit overordna ansvar for Todalen Idrettslag sine rekneskap, samt sjå til at oppsette budsjett blir overhalde og gje raske tilbakemeldingar om eventuelle avvik.
- Kasseraren er ansvarleg for at rekningar blir betalt og at rekneskapen blir ført i tråd med gjeldande lovverk, anten sjølv eller av innleigd hjelp.
- Kasseraren skal assistere og gje råd til andre grupper og komitear i deira arbeid, som går på økonomi.
- Kasseraren skal søke opplysningar frå alle ledd i organisasjonen når desse trengs i vedkommande sitt arbeid.
- Alle andre økonomisk ansvarlege i Todalen Idrettslag har plikt til å skaffe nødvendig dokumentasjon til laget sin økonomi.
- Kasseraren skal hjelpe til med å fylle ut søknadar om økonomisk støtte og sponsoravtalar.

Sekretær i hovudstyret:

- Sekretæren i hovudstyret skal føre møtebok for hovudstyret og arbeidsutvalet, og sørge for at denne blir sendt til dei som skal ha den.
- Sekretæren skal hjelpe dei andre i hovudstyret og arbeidsutvalet med korrespondanse internt og eksternt.

- Samle møteprotokollane frå undergruppene og gjere desse kjent for hovudstyret.
- Sekretæren skal elles gjennomføre dei oppgåvene som blir tildelt av hovudstyret og arbeidsutvalet.

Barne- og ungdomsleiar:

- Barne og ungdomsleiaren er ansvarleg for all aktivitet for barn og unge i Todalen Idrettslag.
- Barne og ungdomsleiaren kan finne personar eller foreldre til å gjennomføre oppgåver på vegne av seg sjølv, men må føre tilsyn med at dette blir gjort.
- Barne- og ungdomsleiar kan få tildelt andre oppgåver frå hovudstyret.

Bygg- og anleggsleiar:

- Bygg- og anleggsleiar har det overordna ansvaret for alle Todalen Idrettslag sine bygg og anlegg.
- Bygg- og anleggsleiar er driftsleiar for heile anlegget på Bordholmen stadion.
- Bygg- og anleggsleiar er ansvarleg for å finne prosjektleiar eventuelle nyanlegg.
- Bygg- og anleggsleiar har ansvaret for at dei økonomiske rammene for bygg og anlegg blir følgde.
- Bygg- og anleggsleiar er ansvarleg for å sjå til at driftsleiarane for dei ulike bygga og anlegga gjennomfører naudsynt arbeid på bygga og anlegga.
- Bygg- og anleggsleiar er dei andre driftsleiarane sin kontaktperson til/frå hovudstyret.
- Bygg- og anleggsleiar få tildelt andre oppgåver av hovudstyret.

Leiar i gruppene:

- Leiaren i gruppene skal halde seg løpande orientert om gruppa si verksemd.
- Leiaren skal førebu og leie styremøta i gruppene.
- Leiaren skal fordele oppgåvene internt i gruppene.
- Leiaren skal ha oversikt og gripe inn dersom noko stoppar, eller ikkje fungerer etter instruksane i si gruppe.
- Leiaren er ansvarleg for å skrive årsmelding for gruppa sin aktivitet, samansetting og møteverksemd.
- Leiaren er ansvarleg for å rapportere til hovedstyret.

Nestleiar i gruppene:

- Nestleiar i gruppene er leiaren i gruppa sin avløyser.
- Nestleiar gjennomfører elles dei oppgåvene som blir pålagt av gruppestyret eller leiar.

Økonomiansvarleg i gruppene:

- Økonomiansvarleg i gruppene har ansvar for å ha oversikt over gruppa sin økonomi, og at budsjettammene som er tildelt blir følgde.
- Økonomiansvarleg skal orientere om økonomien i gruppa, på bakgrunn av rapportar og rekneskap frå kasseraren i hovudstyret.

- Økonomiansvarleg gjennomfører elles dei oppgåvene som blir pålagt av gruppestyret eller leiar.
- Økonomiansvarleg er ansvarleg for å sende over eventuelle trekningsprotokollar til Økonomigruppa.

Sekretær i gruppene:

- Sekretæren i gruppene skal føre møtebok for gruppestyret sine møter, og sørge for at denne blir sendt til sekretæren i hovudstyret.
- Sekretæren skal hjelpe dei andre i gruppestyret med korrespondanse internt og eksternt.
- Sekretæren skal elles gjennomføre dei oppgåvene som blir tildelt av hovudstyret og arbeidsutvalet.

Medlem i gruppene:

- Medlem i grupene skal gjennomføre dei oppgåvene som blir pålagt av gruppestyret eller leiar.

Driftsleiar bygg- og anlegg:

- Driftsleiar bygg- og anlegg er ansvarleg for å halde bygg og anlegg han er ansvarleg for i orden.
- Driftsleiar rapporterer til anleggsleiar om arbeid som er tenkt gjennomført, og om dette treng godkjenning i hovudstyret, så må anleggsleiar legge fram saka for hovudstyret før noko blir sett i gang.
- Driftsleiar finn sjølv folk til å hjelpe til, når noko skal gjerast på bygg eller anlegg, eller kallar inn til dugnadar.

Kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet skal kontrollere at styret gjennomfører dei oppgåvene styret er pålagt etter Todalen Idrettslag si lov.
- Kontrollutvalet gjev si beretning til årsmøtet i Todalen Idrettslag.
- Beretninga skal innehalde ein oversikt over kontrollutvalet sitt arbeid i årsmøteperioden, det vil seie mellom årsmøta. -/tingperioden,
- Beretninga skal innehalde utvalet sin konklusjon på om hovudstyret har utført dei oppgåvene det er tillagt etter Todalen Idrettslag si lov.
- Kontrollutvalet skal ha tilgang til alle opplysningar, rekneskap og andre dokument som utvalet meiner er relevant og nødvendig for å utføre sine oppgåver.
- Kontorllutvalet skal gjennomføre revisjon av Todalen Idrettslag sitt rekneskap.

Valnemnda:

- Valnemnda blir leia av den av dei tre medlemmene som har sitt siste år i valnemnda.
- Valnemnda skal ta i mot, skriftleg oppseiingar av tillitsverv etter fastsett frist.
- Valnemnda skal finne kandidatar til ledige tillitsverv i Todalen Idrettslag, og presentere desse under saka om val på idrettslaget sitt årsmøte.

Felles retningslinjer

Styremøte:

- Hovudstyret, arbeidsutvalet og gruppestyra i Todalen Idrettslag skal ha styremøte. For hovudstyret og arbeidsutvalet skal møteinnkalling sendast til alle styremedlemmane på mail i god tid før møtedato.
- For styremøte i gruppene skal, i tillegg til gruppestyret sine medlemmar, sendast kopi til sekretæren i hovudstyret.
- Det skal først protokoll for alle møter, og kopi av protokollen skal sendast til sekretæren i hovudstyret.
- Sekretæren i gruppestyret er ansvarleg for at dette blir gjort.
- Sekretæren i hovudstyret er ansvarleg for at informasjon som kjem til hovudstyret og som skal formidlast vidare, blir gjort.

Oversikt over bygg og anlegg

- Bordholmen stadion – med klubbhus, fotballbane, ishockey bane og reiskapshus.
- Todalen ungdomshus.
- Hett & Svett, treningsstudio på Kvennset.
- Lysløypa på Tjønnyra – lysløype med gapahuk og toalett.
- Toåa tursti – tursti langs elva Toåa frå Hallset via Gunnøya og Båthølen til Bønnavollen.
- Skihytta – skihytte på Øya/Ørsalfjellet.

Styringsdokument

Dette kapitlet blir oppdatert gjennom året dersom nye styringsdokument kjem til eller går ut.

- Lov for Todalen Idrettslag av 15. mars 2023.
- Økonomihandbok for Todalen Idrettslag, vedteken av hovudstyret.
- Fullmaktsmatrise, vedteken av hovudstyret.
- Årsmøtereferat.
- Vedteke budsjett.

Organisasjonskart

